



Nåsø - eit naturleg mål under kombinasjonsarrangementet Combo

Denne helga vert den såkalla Combo avvikla for tredje gong av fjellsportgruppa i turlaget og Festidalen. Det startar allerleie fredag med servering av lokal mat frå Elins Matgleder og føredrag i Dønhaugkjellaren om turen gjennom Noreg på langs som Marit Teigen Varanes gjekk ifjor sommar saman med systera. Laurdag går turen til Omnatind i Rosendalsalpane.

Om kvelden er det ny samling i kjedlaren på Dønhaug og Øyvind Sture og Egil Våge lovar lokal visemusikk av beste kvalitet. Sture har nyleg gjeve ut Cd og er ein spennande artist frå vår eiga bygd. Det vert også presisert at kjedlaren er open for alle om laurdagskvelden.

Søndagen er det ny tur og ikkje uventa er Ulvanåsø og Geitadalstind målet. Både samlinga og turane er ope for alle og ein treng ikkje å vera skiekspert for å delta.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Einar Gjertsen